

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.01.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Guri Bugge, Veslemøy Mjelde, Ingrid Stranden Haavik og Kaia Gulbrandsen

Forfall:

Referent: Kaia

Sak 2024/01: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/02: Godkjenning av referat frå styremøte 12.12.2023. Godkjent

Sak 2024/03: Eigedomar:

- Vern –«bur som kan opnast» for å beskytte varmepumpe i gymsalen er tinga hos Jondal Precision Industries.

Sak 2024/04: Tilstellingar:

- Planleggingsmøte for lag og organisasjonar i Herand vert tysdag 23.01.24 kl 19.00 i matsalen. Skrivar har sendt ut invitasjon og gjort møtet kjent ved oppslag og på FB. Alle velkomne!
- Seniormiddag på kulturhuset i samarbeid med Jondal Frivilligsentral onsdag 14. februar kl. 14.00. Planleggingsmøte med JFS var fredag 05.01. Velkommen!
- Bygdelagsbasaren er laurdag 24.02.2024 kl 16.00. Aktivt loddsal på butikken og på Coop og ved rundar i bygda i tida framover. Takk for bidrag og velkomne på basar!

Sak 2024/05: Økonomi:

- Herand kulturhus har fått fritak frå eigedomsavgift i kommunen.
- MVA kompensasjon – søknad på MVA kompensasjon på prosjekt ballbinge og asfalt er trekt grunna at det ikkje gis kompensasjon til denne typen prosjekt om dei ikkje har fått tippemidlar.
- Herand Bygdelag har motteke kr 36 566,- i ordinær MVA kompensasjon for 2022.
- Herand kulturhus har fått straumstøtte til lagseigde hus på kr 21 850,- frå Hardanger Energi for 2023. *Tusen takk for god støtte!*
- Rekneskap for 2023 er klart for revisjon. Vert lagt fram på årsmøtet 07.04.24.

Sak 2024/06: Andre saker/eventuelt:

- Sende informasjon til valnemnda om tidspunkt for årsmøte - 07.04.24 og kven som står på val. Invitere valnemnda til neste styremøte.

Årsmøtet til Herand bygdelag for 2023 vert søndag 07.04.24 kl. 16.00 på Herand kulturhus. Saker til møtet må meldast innan 24.03.24.

Neste styremøte tysdag 13.02.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.